



Notat

Dato: 28.05.2018
Arkivsak: 2018/11351-1
Saksbehandlar: johmeye

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesordførar Anne Gine Hestetun

Tilsetjingsprosess - konstituering av fylkesrådmann

Rune Haugsdal går over i stillinga som prosjektleiar for samanslåinga av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune med verknad frå 14. juni 2018.

I mellomperioden frå 14. juni 2018 til og med 31. desember 2019 må det tilsetjast ny fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune.

Fylkesordføraren har hatt til juridisk vurdering spørsmålet om ei slik tilsetjing i ei avgrensa periode må skje gjennom ei ordinær ekstern utlysing, eller om tilsetjinga kan skje gjennom oppnemning eller intern utlysing.

Ettersom Haugsdal tiltreder den nye stillinga allereie 14 juni, hastar det med å få ein ny person inn i stillinga som fylkesrådmann.

Normalt vil det for ei slik sentral stilling vere kvalifikasjonskravet som gjeld, der den best kvalifiserte etter fri konkurranse får tilbod om stillinga. Når fylkesordføraren nå tilrår ei anna løysing med tilsetjing etter ei intern utlysing er dette sakleg grunngjeve i følgjande:

- Fylkeskommunen er i stor omstilling der ein skal oppretthalde ordinær drift og samstundes gjennomføre mange prosjekt som inngår i samanslåingsprosessen.
- Det er trong for å oppretthalde kontinuitet og å få ein leiar som verkar samlande for alle involverte.
- Samstundes vil det vere ein føremon at den som går inn i stillinga har erfaring frå handtering av store prosjekt, samt at vedkomande har god kjennskap til Hordaland fylkeskommune og dei pågående prosessane.

Erfaring tilseier at det tek 4 – 6 månader å gjennomføre ein ekstern tilsetjingsprosess fram til vedkomande er på plass i stillinga. Deretter skal den nytildette fylkesrådmannen gjere seg kjent med rolla og dei arbeidsoppgåvene som følgjer med. Det vil såleis gå 6 – 8 månader før vedkomande vil vere fullt ut «operativ» i stillinga.

Med grunnlag i slike og liknande vurderinger slår den juridiske vurderinga fast at det i denne særlege situasjonen fylkeskommunen er i, ikkje er krav om ekstern utlysing av fylkesrådmannsstillinga.

Den juridiske vurderinga slår vidare fast at stillinga likevel må lysast ut internt i organisasjonen, jf arbeidsmiljølova §14-1. Dette er allereie gjennomført ved oppslag på fylkeskommunen sitt intranett med søkerfrist fredag 25. mai 2018.

Dei hovudtillitsvalte har i møte med den noverande fylkesrådmannen kommentert prosessen for tilsetjing, og sluttar seg til at det vert gjennomført ein prosess med intern utlysing.

Fylkesordføraren har set ned ei arbeidsgruppe som skal førebu ei innstilling overfor fylkestinget. Gruppa består av Anne Gine Hestetun (A), Pål Kårbø (KrF), Silja Bjørkly (H) og Marius Kjørmo som representant for dei hovudtillitsvalte.

Det vert planlagt intervju mandag 4. juni.

Innstillinga vil bli fremja som sak til det ordinære fylkestinget 13. juni i år etter å ha vore til behandling i fylkesutvalet.